



Bent Nybøe
Mjåtveitstø 7
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/611 - 16/17329

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
21.09.2016

Svar til klage på opparbeiding av veg på gbnr. 22/190 m.fl - Mjåtveit

Viser til klage frå Bent Nybøe datert 3.10.2013 og 2.3.2015 der det vart gjort gjeldande at Helge Henanger m.fl har heva vegen som ligg på gbnr. 22/190 utan at det er gjeve løyve til dette. Nybøe viser til at vegen som går frå hans avkjørsel og mot krysset som leiar vidare mot Mjåtveitmarka er blitt bratt og uoversiktlig, og at vegen må ordnast og asfalterast slik den var før etablering av den nye vegen.

I reguleringsplan for Mjåtveitmarka, planid: 125620060002, slik den vart vedteken i 2009, var det lagt opp til at det skal plasserast ein bom på vegen ved Nybøe sin avkjørsel. Bommen skulle plasserast slik at gamlevegen frå FV 564 vart stengt for biltrafikk mot Nybøe sin eigedom. På bakgrunn av dette fekk Nybøe adresse Mjåtveitstø.

Den 15.5.2015 vart det føreteke ei mindre endring av reguleringsplanen, og i den prosessen vart den planlagte bommen teken vekk. Dette inneber at gjeldande reguleringsplankart ikkje legg opp til at det skal plasserast bom ved Nybøe sin avkjørsel.

Veganlegget på gbnr. 22/6 (no bl.a gbnr. 22/190) er godkjent utbygd i løyve av 29.6.2010, saknr. 275/10. Ettersom vegen ikkje vart ferdigstilt før Walde gjekk konkurs, gjekk Veglaget og Henanger m.fl. saman om å ferdigstille vegen så godt som mogleg slik at den kunne brukast.

Meland kommune kan ikkje sjå at vi har heimel til å krevje utbetring av den private vegen. Ein eventuell tvist mellom partane om asfaltering må takast privatrettsleg.

Ettersom det ikkje er planlagt oppføring av bom ved Nybøe sin avkjørsel, finn kommunen at det vil vere mest hensiktsmessig om Nybøe bruker gamlevegen mot avkjørsel til FV 564 som tilkomst til sin eigedom.

Vi varslar med dette om adresseendring frå Mjåtveitstø til Sveåsen for gbnr. 22/56. Eigar av gbnr. 22/56 har 3 veker frist for tilbakemelding på adresseendringa.

På bakgrunn av det ovannemnde finn Meland kommune ikkje grunnlag for å følgje opp saka nærare.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bent Nybøe

Byggmester Knut Henanger ENK

Mjåtveitstø 7

Orrhøyflaten 3

5918

5918

FREKHAUG

FREKHAUG